

Vekeplan for 1.trinn

Frøyland skule



Veke 40

Dette arbeidar vi med:	
Norsk	Repetisjon
Matematikk	Talvenner til 10 1+9, 2+8, 3+7, 4+6, 5+5
Engelsk	Good morning. How are you?
Sosialt/Livsmeistring	Følelser

Lekse til	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Norsk	Les lesearket om «s+ i» som ligg i postmappa di.	Les lesearket om «l+o» som ligg i postmappa di.	Les lesearket om «r+e» som ligg i postmappa di.	Les lesearket om «m+a» som ligg i postmappa di.
Vekelekse	Matematikk: Gjer mattearket som ligg i postmappa			

Timeplan

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.økt 08.30-10.00	Samling Leik Norsk	Samling Leik Norsk	Samling Leik Norsk	Samling Leik Norsk	Samling Leik Norsk
10.00-10.15	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
2.økt 10.15-11.10	Matte	Matte	Gym	Matte	Matte
11.10-11.30	Mat	Mat	Mat	Mat	Mat
11.30-12.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
3.økt 12.00-13.00	1a K&H 1b Læreløype 1c Bibliotek	Livsmeistring Engelsk	Leik	1a Bibliotek 1b K&H 1c Læreløype	Leik med faddrane
13.00-13.15	Friminutt				God haustferie!
4.økt 13.15-14.15	1a Læreløype 1b Bibliotek 1c K&H				
Slutt	14.15	13.00	13.00	13.00	13.00

Informasjon til heimen:

Skuledagen startar 08.30 kvar dag. Elevar som ikkje har morgontilbod på SFO ventar ute til skulen startar. Vi ber om at ingen går inn i gangane/klasseromma etter 8.15. Dette gjeld også foreldre som ønskjer å legge inn skifteklede o.l. Legg dette i sekken til eleven eller i eit nett, så hjelper vi eleven med å få ting på plass.

Vi ønskjer i at de tek avskjed med barnet dykkar utanfor inngangen. Vi veit at det framleis er elevar som strever med dette og vil sjølvstendig vera til stades for å ta imot dei.

Leseark: Det er viktig at elevane les lyden og ikkje bokstavnamn. Dei som strever med å hugse lydene, les framsida to dagar istadenfor baksida.

Leseleksa bør lesast kvar dag

For at elevane skal få best mulig utbytte av leseleksa, er det viktig at lesinga fordeles over fleire dagar, i staden for at all lesing blir gjort på måndag. Når elevane les fleire gonger gjennom veka, får dei verdifull repetisjon av bokstavlydene, stavelsar og ord. Dette bidreg til betre leseflyt, sikrare ordavkoding og økt forståing av innhaldet.

Små, jevnlege leseøker på 5–10 minutt gjev ofte betre læring enn éi lang økt. Gjennom repetert lesing opplev elevane meistring, og teksten blir gradvis lettare å lesa. Mange små drypp gjennom veka er derfor den beste måten å utvikle gode leseferdigheter på.

Takk for at de hjelper til med å gjera lesinga til ein fast og positiv del av kvardagen!

Smartklokke: Frøyland skule er ein mobilfri skulen. Det betyr at smartklokker skal vere i skulemodus og i sekken til eleven går heim. Eleven må være utanfor skulen sitt område før han/ho kan ta den i bruk.

Fødselsdag/selskap: Når elevar skal ha selskap, har FAU bestemt at ein inviterer alle jentene/gutane i klassen eller heile klassen. (Gåveverdi 50 kr)

Postmappe: Elevane får ei plastmappe som skal liggje i sekken der vi legg lekser og informasjon. Vi samlar inn mappa kvar fredag og legg i nye lekseark. Elevane får postmappa i sekken på måndagar. Mappa skal alltid liggja i sekken. Ver grei å rydd i mappa innimellom 😊

Mat/frukt: Elevane har med matpakke med vanleg sunn mat. Dei kan også ha med seg ei frukt eller grønnsak som dei kan ha i 10- friminuttet.

Mjølkk og frukt: Bestilling av skulemjølk og frukt gjer ein på nettet.
www.skolelyst.no Det kan ta ei stund frå ein bestiller til eleven får mjølk på skulen. Men vi får oppdaterte lister etterkvart som nye bestillingar kjem inn.

Drikkeflaske: Dei som ønskjer å ha ei drikkeflaske på skulen tek den med seg. Hugs å merke den med navn. Denne kan stå i klasserommet, så sender vi den heim innimellom for vask.

Skifteklede: Elevane må ha ekstra skift på skulen som ligg i ein pose i garderoben. Truse, bukse og sokker er ekstra viktig. I tillegg må dei ha regnkledde og støvler. Hugs å merke kleda!

Innesko/tøfler: Det kan vera dei same skoane som dei brukar i gymtimane. Fint om det er sko som er lette å ta av og på sjølv.

Gymsko: Det vert gym kvar onsdag i 2.time. Til gymtimane kan det vere greitt å ha ei t-skjorte under kleda. Ta med gymsko (joggesko), desse kan oppbevarast på skulen dersom elevane ikkje treng dei til noko anna.

Bibliotek: Ta med boka om du vil bytte den dagen din klasse her bibliotek!

Sjukdom: Dersom elevane er sjuke må de melda frå om dette i Visma Flyt Skole før skulestart slik at me veit at elevane ikkje kjem.

SFO: Dersom elevane ikkje skal på SFO ein dag må de gje beskjed til SFO via Visma Flyt Skole. Det er ikkje nok at elevane seier i frå munnleg. Skuledagen startar 08.30 kvar dag. Elevane som ikkje har morgontilbod på SFO ventar ute til skulen startar.

Vekeplan og anna informasjon finn de på skulen si heimeside:
www.minskole.no/froyland

Ta gjerne kontakt med oss dersom de lurar på noko: mail/telefon/Visma. Vi ønskjer at de sender gruppemelding slik at alle lærarane på trinnet får beskjedane og kan legge til rette for elevane våre.

Vi ønskjer alle ein fin haustferie 😊

Helsing

Ingrid, Susanne, Camilla, Gunn Jane, Trude, Olga, Anita, Berit og Brita

